

Møteinkalling 4. september kl 18:00

Kontaktutval for innvandrere og flyktninger

Stord rådhus – inngang på baksiden.

Medlemmer som ikkje kan møta, må melda frå på skjema: [Melding om forfall til politisk møte - Stord kommune](#) Opplys om grunn til forfall. Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale

Kontaktutvalet (KIF) skal vera høyringsinstans og rådgjevande organ for kommunen, og kan vera eit talerøyr for innvandrere og flyktninger i Stord kommune.

Saker til handsaming:

8/2024 Godkjenning av innkalling

9/24 Godkjenning av referat

10/24 Melde saker frå andre til utvalsmedlemmane t.d gjennom facebookside: [Facebook](#)

11/24 Korleis gjere oss betre kjend for flyktningar og innvandrere. Kontaktutvalet skal vere et aktivt utval, som er eit talerør for innvandrere og flyktningar. Drøfting – korleis får me dette til? Kva saker skal med behandle og kva instansar skal me ha kontakt med for å best mogleg vera informert om det som hender?

12/24 Anne Kristin informerer om kurs fra Udir
<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/digitalt-kurs-for-nyankomne-som-onsker-a-jobbe-i-norske-barnehager-og-skoler/> Spre denne informasjonen vidare.

13/24 Saker melde av Veronica, Awa og Myroslav. Referes

14/24 Kva har med gjort sian førre møte? Anne Kristin, Ingeborg og Guro.

15/24 Kommunedirektørens arbeidsliste – vedlagt.

| Frå utval | Medlem | Varamedlem |
|---|-------------------------|-----------------------------------|
| Utval for oppvekst og kultur | Anne Kristin Aaseth (H) | Inger Christin Hystad Barane (Ap) |
| Utval for rehabilitering, helse og omsorg | Ingeborg Hageberg (Krf) | Remi Sjo (Frp) |
| Utval for byutvikling | Guro Betten (V) | Leif Steinar Alfsvåg (Krf) |
| Medlem | Varamedlem | |
| Veronica Ivanov | Simone Ziegler Strauss | |
| Awa Rahimpour | | |
| Myroslav Shaladonov | Shakib Badr | |

Stord kommune
Kommunedirektøren

Arbeidslista

Dato: 19.08.2024
Ref: 033

Kommunedirektøren si arbeidsliste 2024/5

Kommunedirektøren si arbeidsliste gjev oversyn over saker som er under arbeid i administrasjonen, som hovudregel saker som går ut over ordinær drift og som er definert gjennom politiske oppdrag, jf. økonomireglementet pkt. 4. Arbeidslista vert sendt som referatssak jf. pkt. 4.1., til utval for oppvekst og kultur (OKU), utval for byutvikling (BUT), utval for rehabilitering og omsorg (RHO), administrasjonsutvalet (tidlegare driftsutvalet) og formannskapet (FSK). Men for å få råda involvert i fleire politiske saker, vert arbeidslista frå om med 2022 sendt som referatsak også til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet og Ungdområdet.

Lista er oppdatert t.o.m. OKU 21.05.24, BUT 20.06.24, RHO 29.05.24, FS 11.06.24, KST 17.06.24, Kontrollutvalet (KU) 15.05.24 (elements 2023/8198).

| Utval: | Tiltak/Prosjekt | Status, prognose for framdrift og større avvik/hendingar | Vedtaksreferanse |
|---------------|--|---|---|
| BUT | Utarbeida ein strategi for utvikling av Sagvåg sentrum og havn. Arbeidet skal organisast på tilsvarande måte som Byromsstrategien/Strategi for utvikling av Leirvik hamn | Planlagt starta etter framlegging av KPA/ framdrift vert vudert i ny planstrategi | KST 19.10.23 PS 45/23 budsjettpkt. 5 |
| BUT | Forprosjektet på nytt renseanlegg i Vatnadalen skal utgreiast i høve minimumskapasitet, eventuelt med utvidingsmogleik dersom det ikkje er kostnadsdrivande | Kjem sak hausten 2024. | KST 24.11.22 PS 64/22 Årsbudsjett 23, Tekniske tenester, pkt. 4 |

| | | | |
|------------|--|--|--|
| <i>BUT</i> | Politisk sak om framtidig modell for utbygging av primær- og sekundærrenseanlegg | Skal leggjast fram for BUT i første møte i 2024 | KST 30.11.23 PS 64/23 pkt. 2 Årsbudsjett 24, tekniske tenester VA |
| <i>BUT</i> | Selgje Tongjaskjerskaia med føresetnad om at ny eigar gjev tilgjenge til innbyggjarar å nytte seg av den ved ledig kapasitet | Vår 2024 | KST 30.11.23 PS 63/23 Årsbudsjett Stord hamn, pkt. 2 |
| <i>BUT</i> | Kollektivknutepunkt for Leirvik. Avslutta forprosjektet med parkering og næringsareal over ny kollektivterminal. | Kollektivknutepunkt er vedteke skal halde fram, men utan kommunal deltaking med parkering og næringsareal over. Vedteke i kommunestyre. Det vert no jobba med avklaringar i forhold til kjøp av tomt, og me håpar å landa forhandlingane i løpet av hausten 2024. | KST 25.04.24 PS 23/24 pkt. 1 |
| <i>BUT</i> | Førebu ei sak der ein vurderer alternative løysingar til parkeringsplasser som blir borte ved etableringa av ny kollektivterminal gjerne i dialog med private aktører | Kjem sak hausten 2024. | KST 25.04.24 PS 23/24 pkt. 5 |
| <i>BUT</i> | Kommunedelplan for overvatn | Planprogram vedteke i kommunestyret juni 2021. Plan på førstegongs høyring 2023, og målet er at planen vert ferdig i 2024. | KST 22.10.20 PS 67/20 |
| <i>BUT</i> | Leggja fram ei sak med kostnadsoversikt og moglegheit for solcelleanlegg på alle kommunale bygg. Saka skal inkludere potensiell produksjon og omtrentleg innsparing i komande år basert på prisprognosar for utvikling av straumpris. Vurdera etablering av solcellepanel og utviding av fjernvarmenettet. Kommunestyret legg til grunn at ishallprosjektet også vert ein del av denne vurderinga. | Sak vart lagt fram for PUT i sak PS 14/23 i møte 20. april og vart handsama i kommunestyret 11.mai. Det er no starta eit forprosjekt der taka på kommunale bygg vert vurdert i forhold til styrke og konstruksjon. Forprosjektet er planlagt å vera ferdig til hausten 2024. | KST 25.11.21 PS 47/21 Budsjettvedtak pkt. 20, 2 KST 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, Verbalpkt. 24 |
| <i>BUT</i> | Leggja fram ny sak om fjerning av Lapptjørn dam | Omfattande utgreiingskrav. Sak til PUT 2024. | PUT 11.11.21 PS 59/21 |
| <i>BUT</i> | Leggja fram ny sak om fjerning av Lønningsåsen dam, eit revidert alternativ 1, der ein anten riv øvre halvdel av demningen og lar den nedre | Det er vedteke av kommunestyret at dammen skal rivast, og ein ventar no på godkjenning frå NVE på før ein startar | PUT 11.11.21 PS 58/21 KST 21.09.23 PS 38/23 KST 22.02.24 IP 6/24 |

| | | | |
|------------|---|---|--|
| | halvdelen stå att, eller riv og byggjer opp at ein nedskalert demning. Alle mogleiker for øk. Støtte skal undersøkjast. | arbeidet med riving. | |
| <i>BUT</i> | Leggja fram oreigningssak for Ritlandseigedomen | Sjå punkt 17. | FSK 09.06.21 PS 29/21 |
| <i>BUT</i> | Leggja fram sak om makebyte med Stord havn som kompensasjon for Kiskaien. Areal knytt til sjø skal ha lik verdi. | Tekniske tenester treng ikkje kiskaien til primærreinsanlegg slik som planlagt, då det heller skal byggast eit stort sekundærreinsanlegg på Skjærsholmane. Stord havn kan då få igjen tomten sin og makebyte er ikkje naudsynt. | KST 21.06.22 PS 32/22 pkt.3. Budsjettrev. 1. tert. |
| <i>BUT</i> | Leggja fram sak om tilknytning av motorcross-anlegget i Hustrudalen til kommunalt VA-anlegg eller alternativ handtering av spillvatn | Synfaring gjennomført. Avventar tilbakemelding frå tiltakshavar. | KST 26.11.20 75/20 Budsjettvedtak pkt. 26 |
| <i>BUT</i> | Leggja fram sak som vurderer korleis slam frå renseanlegga kan nyttast til inntektsbringande/utgiftsreducerande tiltak som t.d. biogass- og gjødselproduksjon | 2025 | KST 21.06.22 PS 32/22 pkt. 2. Budsjettrev. 1. tert. |
| <i>BUT</i> | Områdereguleringsplan/ Prosesjonsveg Stord kyrkje. | Områdereguleringsplanen vart vedteken av kommunestyret i sak PS 22/24 i møte 25. april 2024. Prosesjonsvegen skal etablerast som rekkefylgjekrav til etablering av tverrsambandet. | KST 20.04.17 PS 16/17 FSK 02.12.20 PS 86/20 FSK 24.02.21 PS 8/21 PUT 29.09.22 PS 45/22 KST 25.04.24 PS 22/24 |
| <i>BUT</i> | Reforhandling avtalane med idrettslaga. | Trott har trekt seg frå avtalen i Prestegardskogen. Me er framleis i forhandlingar med Stord IL om avtalen som gjeld Vikahaugane og Solid sin avtale på Nysæter er snart klar for signering. | KST 29.11.18 PS 55/18 Budsjettvedtak pkt. 32, |
| <i>BUT</i> | Utbetring av veg til Heio og p-plass, etablera ei frivillig betalingsordning. | Prosjektet er forseinka som følgje av endra premisser m.o.t. finansiering og fordeling av inntekter. Har vore førehandskonferanse med Regulering, byggesak og oppmåling (RBO) i Stord kommune. Konklusjonen er at ein lyt ha reguleringsplan for tiltaket. Arbeid med reguleringsplan startar hausten | PUT 11.03.21 PS 9/21 pkt. 3 |

| | | | |
|---|---|---|--|
| | | 2022. | |
| <i>BUT</i> | Forprosjekt kai 4 | Forprosjekt vart lagt fram for kommunestyret sak PS 31/24 den 25. april 2024, og kommunestyret fatta investeringsvedtak. Føresetnad om medfinansiering frå StordBase er stadfesta. | KST 30.11.23 PS 63/23 Årsbudsjett Stord hamn KST 25.02.24 PS 31/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Utarbeida ein avtale med Vidrive AS der kommunen legg til rette for at Vidrive AS kan overta mest mogleg av infrastrukturen knytt til dagens anlegg. | Forslag til avtale blir framlagt for kommunestyret i løpet av 2. halvår 2024. | KST 25.04.24 PS 24/24 pkt. 4 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Følgja opp eigarskapskontroll av overordna eigaskapsforvaltning | Prioritert handlingsplan skal leggjast fram for Kontrollutvalet innan 02.09.24. | KST 30.05.24 PS 41/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Orientera om korvidt overtid for tilsette i Stord kommune er innafor arbeidsmiljølova sine reglar i dag | Orientering gitt i møte 15.04.2024 | KU 07.03.24 PS 7/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Kome i kontrollutvalet sitt møte 24.9.24 og gje ei munnleg orientering om brot på personvern i postlistene. | Orientera om status i Kontrollutvalet 24.09.24. | KU 15.05.24 PS 24/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Leggja fram ei sak som skal belysa reduksjonskostnad Knutsåsen, herunder vurderer å redusere byggeareal. Utarbeidda konkurransegrunnlag for utbygging | Legge fram sak med konkurransegrunnlag så snart som råd og endeleg forprosjekt Knutsåsen til vedtak i kommunestyret innan utgangen 2024. Saka skal leggast fram for RHO før endeleg vedtak. | KST 17.06.24 PS 48/24 Budsjettrevisjon 1. tert. 2024 pkt. 3 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Leggja fram ei sak på bruk av PC i småskulen, med omsyn til omfang innkjøp, og pedagogisk nytteverdi. I samband med handsaming av kommunebudsjett for 2025. | Skal leggast fram i I samband med handsaming av kommunebudsjett for 2025. | KST 17.06.24 PS 48/24 Budsjettrevisjon 1. tert. 2024 pkt. 4 |

| | | | |
|---|--|--|---|
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Gå i dialog med kultur- og idrettsaktørar angående samarbeid om SFO-tilbod, for å sikra at fleire elevar vert sikra eit tilbod. | | KST 17.06.24 PS 48/24 Budsjettrevisjon 1. tert. 2024 pkt. 5 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Gå i dialog med lag og organisasjonar som nyttar seg av gymsalen ved Litlabø skule, for å avtala korleis desse kan disponera gymsalen til sine aktivitetar fram til sak om endeleg avklaring av framtidig bruk av skuleanlegget er klar. | | KST 17.06.24 PS 48/24 Budsjettrevisjon 1. tert. 2024 pkt. 6 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Utarbeida administrative retningslinjer som gjer tiltaka presise, gjennomførbare og føreseielege. | Vert utarbeida og presentert som referatsak innan november 2024 | KST 17.06.24 PS 57/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Fremma ei sak der ein vurderer kommunen sine eigarinteresser i ulike selskap og organisasjonar. Vurderinga skal innhalda kva nytte og påverking kommunen har i selskapa/ organisasjonane. | | KST 25.04.24 PS 26/24 pkt. 4 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Omorganisera VA-avdelinga til eit AS, etter aksjeselskapslova. | Vedtekter og føremål skal godkjennast av Kommunestyret før ein går over til AS som eigarskapsform. Målet er etablering frå 01.01.2025. | KST 25.04.24 PS 30/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Arbeida aktivt for å realisera Sunnfast, jf. moglegheitsstudie. | Løpande | KST 17.12.20 PS 90/20 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Gje ei orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjonen innan beredskap og gje ein ny skriftleg status, særleg for pkt. B2 og B3 og delvis pkt. B5 | Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 28.08.24. | KU 23.05.22 PS 19/22 pkt. 2 KU 14.02.23 PS 4/23 KU 20.09.23 PS 29/23 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Gjennomføra eit teknisk forstudium for ein ytre molo i Leirvik innanfor ei kostnadsramme på kr. 800 000. finansiert med disposisjonsfond | Arbeidet er sett på vent i påvente av prosjekt i samabeid med fylkeskommunen og Kvinnherad kommune om utgreiing av kombinasjon ferjestø/cruisehamn. Vedtak | KS 21.06.22 PS 32/22 pkt. 13; Budsjettrevisjon 1. tert. |

| | | | |
|---|---|--|--|
| | | KST 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, Verbalpkt. 35 om ev. realisering i samarbeid med private, må vurderast i ev. oppfølgingssak | |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Innarbeidde i det kommunale planverket forslag til førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak i risiko- og sårbarheitsanalyse Stord og Fitjar 2022 (2021/1957). Den kommunale beredskapsplanen og andre planar vert oppjustert og revidert i samsvar med tilrådingane i ROS-rapporten. | Arbeidet er i gang, med mål om å vera ferdig til 30.6.25 | KST 31.03.22 PS 11/22 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Kommunedelplan for E39 – Heiane – Ådland/Nordre Tveita | Planprogram vedteke av kommunestyret 30. september 2021 (sak PS 37/21). Førstegongshandsaming i formannskapet 7. juni 2023 der saka vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Statens vegvesen har kome med motsegn, og det er halde dialogmøte med Statsforvaltaren. Det vert arbeidd med oppdatering av planmaterialet for mogleg trekking av motsegn. | KST 18.02.21 PS 1/21 FSK 09.06.21 PS 30/21 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Rekrutteringsstrategi: Utarbeida ein handlingsplan med utgangspunkt i arbeidsgjevarstrategien. Inntak av lærlingar inntaket skal gradvis doblast (25 i 2023, min. tre av desse på tekniske tenester) | Arbeidet er starta. Bør vera ferdig innan 31.03.2025 | KST 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, Verbalpkt. 14 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA) | Kommunestyret vedtok planprogram for KPA i møte 21. Juni 2022. Førstegongs handsaming vert tidleg haust 2024. Norconsult er konsulent i saka. Det vert vist til fylgjande vedtak som inneheld punkt for vurdering i KPA: KST 22.06.23 PS 24/23 om B11 og B12 i gjeldande kommuneplan, KST 24.11.22 IS 30/22 om areal for motorsport, KST 23.11.2017 PS 59/17 Budsjettvedtak pkt. 8. om gamle Litlabø | KST 21.06.22 PS 31/22 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | barnehage, | |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Senda problemstillinga kring gildskap vert oversendt statsforvaltar og/eller kommunaldepartementet for ei juridisk prinsipiell vurdering, med henvising til PS 91/23 Kjøp av tomt Studalen, og med omsyn til sum. | Avventar svar frå Statsforvaltaren i Vestland | KST 19.12.23 PS 91/23 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Utarbeida enkle skildringar av "Formål" ved eigarskap i selskap utanfor kommunelova § 23-6 | Vår 2024 | KST 22.06.23 PS 28/23 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Utarbeida handlingsplan med konkrete tiltak for å styrka attraktiviteten til Stord som studieby. | Handlingsplan er avtalt med Velferdstinget vest. Mål er politisk handsaming av handlingsplanen politisk første halvår av 2024. Ferdig - vedtatt politisk i kommunestyret i juni 2024 | KST 21.06.22 PS 32/22 pkt. 9., Budsjettrev. 1. tert. |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Gje Atheno i oppdrag å kartleggja og ha eit oppdatert oversyn over kraftbehovet for Stord kommune | | KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 14 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Politisk sak med mål om å få private investorar med på eigarsida i Stord kommunale utviklingselskap AS (SKU AS). | | KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 16 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Politisk sak om konkurranseutsetjing av pensjonsordninga i kommunen | Politisk sak skal leggjast fram for KST innan 01.04.24. | KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 17 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Leggja fram ei politisk sak der Stord Hamn vert omgjort til eige AS. | Saka skal leggjast fram innan utgangen av 2024 | KST 30.11.23 PS 63/23 pkt. 2 Stord Hamn Årsbudsjett 24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Søkja Statsforvaltaren i Vestland om formelt løyve til å byggja sekundærreinsanlegg med tilstøytane infrastruktur. Kommunestyret ber om å få ei eiga sak med konsekvensutgreiing, økonomisk konsekvens og framdriftsplan for bygging av Skjersholmane sekundærreinsanlegg og tilhøyrande infrastruktur. | Saka blir jobba med. Sak 2025. | KST 22.02.24 PS 9/24 |
| <i>Formannskapet Driftsstyret Kontrollutvalet</i> | Setja av i ny arealplan lokalitetar til funksjonelle leiligheter som er tilrettelagt for eldre. Dette skal vere leiligheter med servicetilbod og fellesareal som kan gje ein trygg og sosial alderdom. Det skal leggjast til rette for lokalitetar både i Sagvåg, Norbygdo og Leirvik | | KST 22.06.23 PS 25/23 |
| <i>OKU</i> | Gå i dialog med idrettslaga for å førebu ei sak der organisering av kommunale idrettbygg vert organisert til det beste for brukarane. | 2. halvår 2024 | KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 19 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |
| <i>OKU</i> | Oppgradera/ auka kapasiteten på lærararbeidsplassar og garderobar ved Tjødnalio skule i samband med nedlegging av Litlabø skule og auke i tal lærarar på Tjødnalio skule | Saka blir jobba med og er no ute på anbod. | KST 30.05.24 PS 37/24 pkt. 1a) |
| <i>OKU</i> | Syta for at trafikksikrings-tiltak knytt til Tjødnalio skule og skuleveg vert gjennomførte etter kommunen sin trafikksikringsplan. Avbøtande tiltak skal iverksetjast innan dette er på plass. | Det blir no jobba med hjartesone for dei som skal levere barn til Tjødnalio skule. Målet er å ha dette klart i løpet av hausten 2024. | KST 30.05.24 PS 37/24 pkt. 1b) |
| <i>OKU</i> | Utarbeida forstudie som skal utgreia etablering av ein samanslått Leirvik-Langeland skule opp mot opprusting av eksisterande skuleanlegg ved Leirvik og Langeland. Forstudien skal gjennomførast av ekstern aktør. | Skal leggjast fram for KST for handsaming desember 2024. | KST 30.05.24 PS 37/24 pkt. 2 |

| | | | |
|-----|---|---|--|
| OKU | Leggja fram ei sak om framtidig bruk av Litlabø skule, samt tilhøyrande nærmiljøanlegg. | Vil bli jobba med hausten 2024. | KST 30.05.24 PS 37/24 pkt. 3 |
| OKU | Komma med framlegg om reviderte kringsgrenser i samband med forstudie (samanslått Leirvik-Langeland skule opp mot opprusting av eksisterande skuleanlegg ved Leirvik og Langeland) | | KST 30.05.24 PS 38/24 pkt. 2 |
| OKU | Vurdera om eigne lokale i kulturhuset, eventuelt kommunale bygg på Leirvik, kan nyttast til dansesal. Eventuelt gå i forhandlingar me Osen 6. | før sommaren 2024 | KST 25.04.24 PS 21/24 pkt. 3 |
| OKU | Sjå bemanning av biblioteka under eitt, og at delvis bemanning ved skulebiblioteket ved Nysæter Ungdomsskule vert ivareteke | Reduksjon i midlar til drift har ført til noko reduserte opningstider både i hovudbiblioteket i Stord kulturhus og i kombinasjonsbiblioteket ved Nysæter ungdomsskule. Ved sjukdom kan biblioteka bli stengt på kort varsel. Frå 1. februar vert det mindre endringar i opningstider til Stord folkebibliotek, dette heng saman med endring i opningstidene til kulturhuset, sjå https://www.stordbibliotek.no/ for detaljar om opningstidene. | KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 21 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |
| OKU | Evaluera bruken av digitale verktøy i stordskulen etter mandat frå OKU. Evalueringa skal skje i samarbeid med lærarar, elevar, FAU, fagorganisasjonar og kompetansemiljø på HVL m.fl. | 2. halvår 2024 | KST 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, Verbalpkt. 12 og KST 22.06.23 PS 34/23 |

| | | | |
|-----|--|---|--|
| OKU | <p>Greia ut korleis utbygginga av Langeland skule kan omfatte følgjande for å sikra tilfredsstillande skulelokale for tre parallellar på alle trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Scene • Tilstrekkeleg med grupperom, møterom og tilrettelagte klasserom <p>KST ber om at evt. trinnvis utbygging er del av utgreiinga. Vurdera utrekkebart amfi.</p> <p>Kommunestyret ber om klargjering av kostnadsskilje, kvadratmeterpris, og utskiljing av ekstrabehov som opsjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Garderobefasilitetar og fleire arbeidsplassar for dei tilsette | Kommunestyret vedtok 12.5.22 vidare utgreiing knytt til Langeland skule. Det vil bli laga ei ny sak i samband med budsjettet for 2023 der forslag til utforming av Langeland skule vil bli lagt fram. Utsett | KST 31.03.22 PS 12/22 KST 12.05.22 PS 19/22, pkt. 3 |
| OKU | <p>Kommunestyret bed kommunedirektøren om å greie ut bygging av ein dobbel rackethall i samsvar med arealanalysen.</p> <p>Erfaring frå Nore Neset IL skal innhentast. Heile prosjektgruppa bør få uttala seg før neste politiske handsaming.</p> | Prioritert i 2024 i økonomiplanen. Utsett. | KST 26.11.20 75/20 Budsjettvedtak pkt. 21 KST 25.11.21 PS 47/21 Budsjettvedtak pkt. 14 OKU 03.10.23 PS 14/23 |
| OKU | <p>Kommunestyret ber om at erfaringar frå nabokommunar om meir fleksible ordningar i høve blant anna timebetaling for SFO vert henta inn, og at det vert vurdert å innføra same ordningar i Stord kommune med mål om å auka deltaking.</p> | 2. halvår 2024 | KST 25.11.21 PS 47/21 Budsjettvedtak pkt. 25 |
| OKU | <p>Kommunestyret ber om sak der ein vurderer å bygga ein fleirbrukshall eventuelt med eit ekstra klasserom i staden for ein baskethall ved Langeland skule. Også uteområde skal vurderast. Gjera ei ny vurdering av om kostnadane kan takast ned.</p> <p>Arbeidet skal raskt i gong og ha fokus på pedagogiske forhold, kroppsøvningsareal, spesialrom og tilrettelegging for tre parallellar. Evt. etappevis utbygging og anbudsutlysing med opsjonar skal vurderast.</p> | Kommunestyret vedtok 12.05.22 at det skal byggast ein basketballhall med tribune og scene. Hallen vil no bli lyst ut, planlagt oppstart bygging våren 2023. Prosjektet har vore ute på anbod og det er komen inn fleire tilbod. Prisen låg langt over budsjett, og konkurransen vart avlyst. Det vert no vurdert ei ny utlysing med nokre justeringar på bygget og uteområdet. Utsett til ny skulestruktur er vedteken. | KST 25.11.21 PS 47/21 Budsjettvedtak pkt. 23 KST 12.05.22 PS 19/22, pkt. 3 KST 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, Verbalpkt. 25 |

| | | | |
|-----|---|--|---|
| OKU | Kommunestyret ser at det er behov for å betra forholda for elevar og lærarar på Leirvik skule og er oppteken av å finna ei varig god løysing for skulen. Kommunestyret bed difor om at ein i forprosjektet vurderer 1) føreslegen oppgradering opp i mot 2) overtaking og ombygging av Saghaugen (med kroppsøvingslokale i ny rackethall), og 3) nybygg | Utsett. | KST 25.11.21 PS 47/21 Budsjettvedtak pkt. 17 |
| OKU | Ny Nysæter ungdomsskule m.m. | Byggerekneskap står att. | KST 25.06.20, PS 43/20 pkt. 6 og 7 |
| OKU | Utarbeida kostnadsoverslag for tursti Almås-Nysæterneset | 2024 | KST 26.11.20 75/20 Budsjettvedtak pkt. 24 |
| OKU | Utarbeida kostnadsoverslag over å setta i stand tunnellen mellom Sagvåg sentrum og Vassneset for ålmenn ferdsle | Tunellen er opna, byggerekneskap står att. | KST 26.11.20 75/20 Budsjettvedtak pkt. 25 |
| OKU | Utvid «mål under Utgreiings og Vurderingstema i kvalitetsplan for oppvekst 2022-2030» til å spesifikt inkludera (Arbeidet med kvalitetsplanen og utviklingsarbeidet har som mål:) «å etablera tiltak for betring av elevmiljøet med sikte på økt inkludering og redusert mobbing og utenforskap.» | Sak i kommunestyret 2. halvår 2024 | KST 16.02.23 IS 2/23 |
| OKU | Utviklingsarbeid i oppvekstsektoren inkludert revidering av kommunedelplan for oppvekst og utdanning, Plan for kvalitetsutvikling 2014-2017 for oppvekstområdet. Den nye kommunedelplanen «Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030» vil erstatta den gamle planen. | Planprogram for kvalitetsplan for oppvekst og kultur vedtatt i KS 22.9.22. Sak, handsaming av kommunedelplan oppvekst og kultur 2. halvår 2024 | KST 25.11.21, PS 47/21 Årsbudsjett 2022 KST 22.9.22, PS 45/22 |

| | | | |
|------------|--|---|---|
| <i>OKU</i> | Vassklia i Kulturhuset: Vurdera om det let seg gjera å reparera/oppgradera vassklia innanfor tidlegare løyving. Kommunestyret vil komma attende til saka i første budsjettrevisjon om det skulle visa seg å vera behov for tilleggsløyving. | orientering om status i OKU 21.05.24. | KST 24.11.22 PS 65/22 Årsbudsjett 23, Verbalpkt. 21 |
| <i>OKU</i> | Vurdering rehabilitering av eksisterande symjehall i Stord kulturhus, alternativt symjeanlegg - mandat for forstudie - skal inkludera ulike finansieringsmogleiker | 2. halvår 2024 | OKU 18.04.22 PS 3/23 KST 24.11.22 PS 65/22 |
| <i>RHO</i> | Leggje inn ein 50% fysioterapistilling gjennom driftsavtale i budsjett for 2025. I tildeling av dette driftstilskotet skal særskilt kompetanse innan kvinnehelse vektleggast. Bakgrunnen for ein 50% driftsavtale er den vanskelige økonomiske situasjonen Stord kommune er i. | Skal leggjast fram i budsjett for 2025. | KST 25.04.24 PS 28/24 |
| <i>RHO</i> | Starta arbeidet med ny sjukeheim i Sagvåg slik at arbeidet kan vera påbyrja utbygd innan vår 2027 | Vert erstatta av nytt kommunestyrevedtak PS 48/2024 pkt. 3 | KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 25 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |
| <i>RHO</i> | Laga måltal på særskilte tiltak igangsett innan RHO. Dette gjeld både kva effekt ein ynskjer å oppnå og estimert tidspunkt for oppnådd effekt | Det vert jobba med å kunna rapportera nøkkeltal i framsikt | KST 17.06.2024 pkt. 3, budsjettrevisjon |
| <i>RHO</i> | Byggja nye sjukeheimplassar på kommunalt eigd område ved Knutsaåsen omsorgssenter. | Forstudie godkjent i KST 22.06.23. Forprosjekt frå haust 23. Månadleg prosjektrapport som referatsak til RHO-utval. | KST 22.06.23 PS 25/23 KST 30.11.23 PS 65/23 pkt. 26 Årsbudsjett 24, Økonomiplan 2024-2027 |

| | | | |
|-----|---|---|--|
| RHO | Kommunestyret bed om ei sak til Utval for rehabilitering, helse og omsorg som vurderer korleis me som kommune skal møta behovet for tilrettelagde arbeidsplassar og dagtilbod i åra som kjem. RHO ber kommunedirektøren komma attende med forslag til finansiering av eit samarbeid med "Helt med" i samband med budsjett for 2024. | "Helt med" ikkje prioritert i budsjett og økonomiplan 2024-27. Sak som gjeld vurderingar for korleis kommunen skal møta behov for tilrettelagte arbeidsplassar vil bli utarbeida ila 2024 | KST 25.11.21 PS 47/21 Budsjettvedtak pkt. 18 PUT 30.08.23 PS 6/23 |
| RHO | Gå i dialog med representantar frå fastlegeordnina med målomå koma fram til tiltak som kan verka stabiliserande for fastlegeordninga i kommunen og komma attende med tiltak og konsekvensar. Opposisjonen sine pukt skal takast med i prosessen, men ein er ikkje bunde av forslaga. Tidlegare vedtak om å utgreia kommunalt legesentervert mellombels sett til side: Utvalet ber kommunedirektøren komma attende med ei sak om etablering av eit nytt kommunalt legesenter. Saka må belyse ulike lokaliseringsalternativ, kostnadar for etablering og drift og konsekvensar for gjeldande leigeordningar | Saka skal leggjast fram tidlegare enn føreslege dato i kommunedirektøren sitt saksframlegg. I tillegg skal U-RHO haldast orientert om status ikommande utvalsmøte. Haust 2023 | RHO 13.12.23 PS 14/23 KST 17.06.2024 PS 57/24+D50+A84:F86+D50+A84:F86+D50+A+A12:F86 |

Fra: Anne Kristin Aaseth[anne.aaseth@bhg.no]

Sendt: 30.08.2024 13:01:02

Til: Anne Kristin Aaseth;awarahimpour@gmail.com;guro.betten@gmail.com;ihageberg@gmail.com;palach1985@gmail.com;post stord kommune;veronicaivanov@gmail.com;awarahimpour@gmail.com;guro.betten@gmail.com;ihageberg@gmail.com;palach1985@gmail.com;post stord kommune;veronicaivanov@gmail.com[anne.kristin46@gmail.com;awarahimpour@gmail.com;guro.betten@gmail.com;ihageberg@gmail.com;palach1985@gmail.com;post@stord.kommune.no;veronicaivanov@gmail.com;awarahimpour@gmail.com;guro.betten@gmail.com;ihageberg@gmail.com;palach1985@gmail.com;post@stord.kommune.no;veronicaivanov@gmail.com]

Tittel: Agenda møte 4. september

You don't often get email from anne.aaseth@bhg.no. [Learn why this is important](#)

Se vedlegg.

Vel møtt 💎💎

Mvh

Anne Kristin Aaseth

Daglig leder



Tyse



Prestagardskogen

Faktura pr. 30 dager

Fakturadresse Tyse FUS 927 311 232

Fakturaadresse Prestagardskogen 916072848